

Gjestebod for

# GRAnV frå kommune til bygd

## Slik blir du med:

- ① Rydd kjøkenbordet og inviter ein liten gjeng med vener/familie/naboar til kaffeslabberas
- ② Prat, diskuter, drodl og drøym – skriv ned og send inn før 18.11.18
- ③ Klapp deg sjølv på skuldra og vent i spenning på trekninga av to gavekort frå Coop på kr 500,-



# Me treng dine innspel – bli med på gjestebod for Granvin 2020!

## Kva er «Gjestebod for Granvin»?

Då dei andre lokalsentruma blei innlemma i Voss i 1964, opplevde nokre av dei sterke innbyggjarnedgang i åra etter samanslåinga, medan andre auka sitt innbyggjartal. Kva skal me gjera for at Granvin hamnar i den kategorien av grender som opplever vekst og auke i innbyggjartala? Inviter til kaffeslabberas for nokre kjenningar, server ein kaffikopp eller noko anna lettvint og set av litt tid til ein prat om Granvin 2020. Kven er Granvin no - og kva for retning ynskjer de når Granvin går frå kommune til bygd? Korleis skal Granvin få ei god utvikling som del av nye Voss herad?

## Kvífor gjestebod?

Dei færreste kjenner seg komfortable med å ta ordet under eit folkemøte - men rundt eit bord, saman med vener og kjende er det lettare å koma fram med tankar og idear. På denne måten får fleire sagt si meining, og bidratt til Granvin si utvikling.

Mange av oss tenkjer også betre saman. Olav H. Hauge skreiv i dagboka si at «Ein diamant tek først til å skina i slipingi». Med meiningsutveksling vert tanken brynt og resultata betre. Så når oppgåva er å finna ut av kva Granvin er i dag, og kva for retning ein ynskjer for bygda framover må gravensarane sjølve koma med svara - dette må me gjera saman!

## Korleis gjer me det?

Her er det fritt fram. Vel stad, servering og antal deltakarar etter eige ynskje - men her er nokre tips til framgangsmåte:

- Ta plass rundt eit bord
- Del ut penn og papir til alle deltakarane i gruppa
- Still spørsmål
- Kvar av deltakarane i gruppa skriv ned sine svar
- Les opp etter tur og legg lappane på bordet (start t.d. med den som sist hadde bursdag)
- Saman vel de ut tre innspel til kvart spørsmål og skriv inn i svarbrevet som ligg ved
- Send inn - **NB: for å vera med i trekninga, må svaret leverast seinast 18. november 2018**

## **Her kjem våre innspel!**

Sendast på e-post til [tina.kjerland@granvin.kommune.no](mailto:tina.kjerland@granvin.kommune.no) (du kan ta bilde med telefonen og legga ved e-posten) eller send til *Granvin herad, Postboks 13, 5733 Granvin*

Kjønn og alder (t.d. kvinner/menn 18-32) \_\_\_\_\_ Antal deltagarar: \_\_\_\_\_

Kontaktperson/gjestebodsvert: \_\_\_\_\_ Telefon: \_\_\_\_\_

E-postadresse: \_\_\_\_\_

### **Kva er «typisk Granvin» i 2018?**

1.

2.

3.

### **Tre gode grunnar til å busetja seg i Granvin?**

1.

2.

3.

### **Kva er det Granvin vert kjend og anerkjend for i 2030 ?**

1.

2.

3.



**Kva skal til for at Granvin lukkast med å vera ei bygd i vekst og utvikling?**

1.

2.

3.

**Kva kan stå i vegen for ei positiv utvikling?**

1.

2.

3.

**Kvar kallar du deg i 2030? Gravensar, harding, vossing, vestlending, anna? Rangér i punkta under.**

1.

2.

3.

## **Takk for hjelpa!**

Du kan fylgja vegen vidare på [granvin.kommune.no](http://granvin.kommune.no) eller FB-sida «Granvin 2020»

Har du spørsmål eller innspel? Ta kontakt med oss!

Sentralbordet Granvin herad 56 52 40 00 eller prosjektleiar Tina Kjerland på tlf 90 88 99 30

